

HVO sine krav til pedagogisk basiskompetanse

HVO stiller strengare krav til pedagogisk basiskompetanse enn forskrifta gjer, dermed vil ein fylle krava i forskrifta om ein fyller HVO sine krav. Per no stiller HVO krav om pedagogisk basiskompetanse for førstemanuensis og professor.

1 Førsteamanuensis

For å få godkjent pedagogisk basiskompetanse ved HVO ved tilsetjing som førsteamanuensis og opprykk til førsteamanuensis må søkjaren frå 01.09.19:

- 1 Gjere greie for sitt **lærings- og undervisningssyn**, det vil seie ein refleksjon over eigen praksis forankra i relevant pedagogisk teori, fagdidaktikk og forskings- og utviklingsarbeid (FoU)
- 2 Dokumentere grunnleggjande ferdigheiter innan **planlegging, gjennomføring, evaluering og utvikling av undervisning og rettleiing**. Dette kan t.d. skje ved å¹
 - a) Gjere greie for at ein har eit variert undervisningsrepertoar retta mot studentgrupper av ulik storleik og samansetjing. Dette inkluderer rettleiing, studentaktive læringsformer, fagleg samarbeid og bruk av digitale læringsformer
 - b) grunngje val av arbeidsmåtar ut frå aktivitetar som fremmar læring i aktuelt fagområde og for aktuelle studentar
 - c) argumentere for, gjerne dokumentere eigen bruk av ulike formative og summative vurderingsformer relatert til læringsutbytte i enkelte emne og inkludere studentane i formativ vurdering
- 3 Kunne reflektere over/vise **etisk medvit og kompetanse**, eventuelt gjere greie for eigen praksis i tråd med god utdanningsfagleg kompetanse
- 4 Kjenne til **lokale og sentrale styringsdokument** som er knytte til undervisning i høgare utdanning og som er relevante for stillinga

Den som søker pedagogisk basiskompetanse må dokumentere noko på alle 4 punkt over, men punkta kan vere ulikt vekta.

1.1 Lærarutdanning

Godkjent lærarutdanning (barnehagelærarutdanning, faglærarutdanning, grunnskulelærarutdanning, praktisk pedagogisk utdanning (PPU) eller anna lærarutdanning) kan erstatte delar av punkta over. Ein søkar som har godkjent lærarutdanning må dokumentere følgjande punkt for å få godkjent pedagogisk basiskompetanse:

1. Arbeid med utvikling og revisjon av program- og emneplanar i høgare utdanning eller læreplanarbeid innan barnehage og skule.
2. Kjennskap til lokale og sentrale styringsdokument knytt til undervisning i høgare utdanning som er relevant for stillinga.

1.2 Mogleg mal for dokumentasjon av pedagogisk basiskompetanse førsteamanuensis²

Søklar som ønskjer å få sin pedagogiske basiskompetanse vurdert, kan nytte seg av denne malen med følgjande kategoriar, og ha meir omfattande dokumentasjon som vedlegg:

¹ Merk at det er til dømes, og punkta a) – c) ikkje er krav.

² Gjeld ikkje søkarar som har lærarutdanning.

1. **Introduksjon.** Ein innleiings- eller oversiktstekst som leier lesaren gjennom søknaden.
2. **Undervisningshistorikk.** Ei dokumentert oversikt over eigen undervisningspraksis så langt, som til dømes kurs, emne, opplæringsopplegg, sensur og rettleiing ein har hatt ansvar/medansvar for.
3. Gjere greie for sitt **lærings- og undervisningssyn**, det vil seie ein refleksjon over eigen praksis forankra i relevant pedagogisk teori, fagdidaktikk og forskings- og utviklingsarbeid.
4. Dokumentere grunnleggjande ferdigheiter innan **planlegging, gjennomføring, evaluering og utvikling av undervisning og rettleiing**. Gjennom å til dømes:
 - a. Dokumentere at ein har eit variert **undervisningsrepertoar** retta mot studentgrupper av ulik storleik og samansetjing. Dette inkluderer rettleiing, studentaktive læringsformer og bruk av digitale læringsformer.
 - b. Grunnge val av **arbeidsmåtar** ut frå aktivitetar som fremmar læring i aktuelt fagområde og for aktuelle studentar.
 - c. Argumentere for, gjerne dokumentere eigen bruk av ulike formative og summative **vurderingsformer** relatert til læringsutbytte i enkelte emne og inkludere studentane i formativ vurdering.
5. Reflektere over viktige profesjonsetiske spørsmål i tråd med god utdanningsfagleg kompetanse.
6. Dokumentere kjennskap til lokale og sentrale styringsdokument som er knytte til undervisning i høgare utdanning og som er relevante for stillinga.
7. **Avslutting:** Ein oppsummerande tekst som mellom anna peikar på område for vidare utvikling som undervisar.

1.3 UH-pedagogikk kurs frå HVO

Av HVO sine interne kurs i høgskulepedagogikk så vil 10 studiepoengkurset i pedagogisk basiskompetanse oppfylle kravet om pedagogisk basiskompetanse.

I tilfelle der ein søker har vorte tilsett utan å ha pedagogisk basiskompetanse (2-årsregelen), så vil HVO legge til rette for at vedkomande får ta nok UH-pedagogikk-kurs ved HVO til å stette kravet i løpet av 2 år. Pedagogisk basiskompetanse på bakgrunn av dette vert følgt opp av dekan på aktuell avdeling, og meldt inn til *Tilsetjingsorganet for faglege stillingar (TUFO)* for godkjenning når det er gjennomført.

1.4 Internt opprykk til førsteamanuensis på bakgrunn av levert doktorgrad

Ein tilsett ved HVO som leverer doktorgrad må også få godkjent pedagogisk basiskompetanse før opprykk til førsteamanuensis. Vedkomande treng ikkje søke ordinært opprykk til førsteamanuensis, då TUFO vurderer og eventuelt godkjenner doktorgrad som bakgrunn for opprykk til førsteamanuensis. Men vedkomande må levere dokumentasjon på pedagogisk basiskompetanse og får denne vurdert av sakkunnig komité. Unnateke om vedkomande har 10 studiepoengkurset i pedagogisk basiskompetanse frå HVO, då vil TUFO vurdere og eventuelt godkjenne pedagogisk basiskompetanse og opprykk.

1.5 Internt opprykk på bakgrunn av ekstern kommisjonsvurdering

Tilsette på HVO som får vurdert si kompetanse av andre UH-institusjonar og får denne godkjent der, vil normalt også få den godkjent på HVO, her avgjer TUFO. Om kommisjonen tydeleg finn at søker ikkje har pedagogisk basiskompetanse men elles dekkar krava, så må pedagogisk basiskompetanse dokumenterast og godkjennast av ny kommisjon før opprykk vert innvilga på HVO (den nye kommisjonen vurderer då berre den pedagogiske basiskompetansa). Unnateke om vedkomande tar 10 studiepoengkurset i pedagogisk basiskompetanse på HVO, då vil TUFO vurdere og eventuelt godkjenne pedagogisk basiskompetanse, når dette kurset er på plass.

2 Professor

I tillegg til dei krava til pedagogisk basiskompetanse som gjeld for førsteamanuensis (sjå kapittel 4.1), skal søkeren dokumentere:

- 1 Kvalitetsutvikling i eiga undervising og rettleiing over minst tre år
- 2 Brei erfaring med rettleiing fortrinnsvis på master/ ph.d.- nivå
- 3 Deltaking i utvikling av utdanningskvalitet i fagfellesskap

HVO har inga nærare presisering av desse tre punkta og ein har heller ikkje vurdert det som naudsynt å foreslå ein mal for korleis dette skal dokumenterast ut over føreslått mal i kapittel 4.1.2.

For professorstillingar må ein også inneha pedagogisk basiskompetanse ved tilsetjing. Dersom det ikkje er kvalifiserte søkjarar til ei stilling og det ikkje er sannsynleg at kvalifisert søkjar vil melde seg ved ny kunngjering er det moglegheit for å tilsetje i kvalifiseringsstilling etter Universitets- og høyskoleloven § 6-5 1. ledd. Ein tilset då mellombels i inntil 3 år med vilkår om at vedkomande må kvalifisere seg innan pedagogisk kompetanse. Dette må vere opplyst i utlysingsteksten dersom det skal gjerast.

Korleis ein skal vekte den pedagogisk kompetanse opp mot den vitskaplege kompetanse vil eventuelt kome fram av utlysingsteksten. Det vil ikkje vere anledning til å leggje vekt på søkjarane sin pedagogiske kompetanse berre for å skilje mellom søkjarar som står likt vitskapleg.

2.1 Særleg om vurdering av pedagogisk basiskompetanse knytt til kunstnarleg formidlingskompetanse ved tilsetjing som professor

For professorstillingar er det generelt ikkje høve til å tilsetje nokon utan den pedagogiske kompetansen som krevst. I forskrifta er det er likevel gjeve eit unntak for tilsetjing av professor på bakgrunn av utøvande kunstnarisk kompetanse, jf. Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger §1-2 (4):

For ansatte ved universitetsmuseer kan institusjonen bestemme at museal formidlingskompetanse skal erstatte utdanningsfaglig kompetanse. For de som ansettes, men ikke for de som gis opprykk, på grunnlag av utøvande kunstnerisk kompetanse, kan kunstnerisk formidlingskompetanse erstatte utdanningsfaglig kompetanse. Institusjonen kan fastsette krav til utdanningsfaglig kompetanse som må erverves etter ansettelsen. Institusjonen fastsetter også kriterier for vurdering og dokumentasjon av kunstnerisk- og museal formidlingskompetanse. https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-02-09-129#KAPITTEL_1

Den som ved HVO vert tilsett som professor på grunnlag av kunstnarleg formidlingskompetanse i staden for pedagogisk basiskompetanse, må dokumentere

- 1 kroppsleg kompetanse og formidling gjennom kunst – i praksis
- 2 å kunne artikulere og tematisere faglege spørsmål og ha generert kunnskapsutvikling på sitt område, m.a. ha utvikla omgrep og idear i ein felles diskurs for kunstfeltet
- 3 å ha utfordra og utvikla etablerte praksisar i kunsten og eit breitt spekter av uttrykksformer innanfor sitt fagområde
- 4 å ha bidrege til å etablere arenaer for fagleg deling både av prosess og resultat
- 5 å ha bidrege til å styrke kunstnarleg kompetanse i samfunnet